


Myklebust og Nerhus - profilerte journalistar i BT` s historie.

27.12.2017



Thor Myklebust frå Uskedalen var i mange år ein profilert jøurnalist g leiarsskribent i Bergens Tidende.

Thor Myklebust og Åge Magne Nerhus er begge sentrale og profilerte journalistar i Gudmund Skjeldal si bok VESTOVER - Bergens Tidende i 150 år. Begge har lang tenestetid i avisa og har på kvar sine måtar hatt ein sentral rolle i avisa. Skjeldal skriv om Myklebust og Nerhus i ulike tidsperidoar. Nerhus med nær på 40 års teneste i avisa har også vore informant til forfattaren.

Dette innlegget handlar om Thor Myklebust og tida hans i BT. Uskedalen.no kjem attende til Åge Magne Nerhus.

Gudmund Skjeldal har fått stor fridom til å skriva idehistorien om Bergens Tidende i 150 år. Det som særkjennar Thor Myklebust, er rollen hans som sentral Venstrepolitikar og journalist. Ei slik dobbelrolle var ikkje uvanleg i BT. Gunnar Garbo og Ingemund Fænn kasta seg også inn i praktisk politisk arbeid samstundes som dei var journalistar og redaktørar.

Thor Myklebust kjem til BT i 1947. Han har utdanning frå Bladmannskulen og har ei tid vore utgjevar og redaktør for lokalavisa Folgefondn. Myklebust har kommunale verv i i Kvinnherad fram til 1963, var formann i Hordaland Venstrelag i to år. I to periodar var han varamann til Stortinget før han fekk fast plass i 1965.

Skjeldal skriv at både Garbo og Myklebust hadde løn i Bergens Tidende medan dei var storingsrepresentantar,- fordi dei skriv i avisa medan det var sommarferie på Stortinget. Dessutan sende dei innlegg til avisa frå det politiske miljøet.

EF striden, som sprengde Venstre på Rørosmøte, er også omtala i jubileumsboka. Thor Myklebust saman med Ole Myrvoll var med i fraksjonen til Helge Seip og Bent Røiseland. Det Nye Folkepartiet vart skipa. Gunnar Garbo representerte motparten i det som framleis var Venstre.

Etter tida på Stortinget gjekk Thor Myklebust tilbake til jobben i BT som kommentator og leiarsskribent. Han døydde 80 år gammal i 1988. Sonen, Torfinn Mykelbust, var journalist i BT i ein tre års periode på 1980 talet.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Arkivfoto



Boka VESTOVER er ei idehistorie om Bergens Tidende i 150 år. Myklebust og Nerhus er omtala i boka.